

Inntaksreglement for Kvitsund Gymnas AS

Kvitsund Gymnas er ein friskule med godkjenning etter Lov om frittstående skolar (friskolelova) Inntaksreglementet har difor utgangspunkt i det friskolelova seier om inntak av elevar jf. friskolelova § 3-1.

1. Generelt om inntak

Som friskule har Kvitsund Gymnas heile landet som inntaksområde. Skulen er open for alle søkjarar som fyller vilkåra og krava for inntak i tilsvarende offentlege skular (jf. Friskolelova § 3-1 første ledd) og som har rett til vidaregåande opplæring etter Opplæringslova § 3-1.

Dersom skulen har fleire søkjarar enn talet på elevplassar, er det skolen som i samsvar med dette reglementet avgjer kven av søkjarane som får elevplass jf. Friskolelova §3-1 3. ledd. Rektor er ansvarleg for inntaket og kontaktperson ved spørsmål om klage.

Avgjerda om inntak er eit einskildvedtak etter Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) §2 og kap VI. Skriftlig klage sendast via skulen. Det er tre vekers klagefrist.

2. Søknad

a) *Søknadsskjema*

Søknaden skal sendast elektronisk via heimesida til skulen www.kvitsund.vgs.no.

b) *Søknadsfrist*

Søknadsfrist for å vere med i det ordinære inntaket er 1. mars.

Vitnemål/karakterutskrifter o.l. som skal leggjast til grunn ved inntaket, skal liggje vedlagt eller bli ettersendt før 1.mars. Anna nødvendig dokumentasjon må følgje med søknaden. Søknadar som kjem etter fristen vil bli handsama, men søkjaren plasserast førebels under den akutelle ventelista. Ved ledige plassar etter 1. august vil vi ta omsyn til seine søknadar på line med søkjarar på ventelista.

c) *Delkurselev*

Søkjarar blir tekne opp som delkurselever dersom dei har nødvendig fagleg grunnlag, har ungdomsrett og dersom det er plass på kurset.

d) *Dokumentasjon*

Søkjarar til VG1:

Søkjaren må dokumentere gjennomgått 10-årig grunnskule eller tilsvarende. Opptak skjer på grunnlag av karakterar frå 1. halvår i 10. trinn og standpunktkarakter i mat og helse og musikk (dersom det er avslutta i 9. trinn). For søkjarar som har avslutta grunnskulen, vert det rekna eit gjennomsnitt av karakterane på vitnemålet. Søkjarar utan talkarakterar eller utan samanliknbart karaktergrunnlag, handsamast etter prinsippa i Forskrift til opplæringslova §6-24.

Søkjarar til VG2 og VG3:

Søkjaren må leggje fram kompetansebevis/stadfesting på at nødvendige programområde er fullført i samsvar med læreplanane. Inntaket blir gjort på grunnlag av karakterane i 1. halvår. Skulen tek atterhald om at den endelege karakterutskrift/kompetansebevis viser bestått og fullført.

3. Prioritering av søkjarar ved eventuell oversøking

Dersom skulen har fleire søkjarar enn det skulen har kapasitet til å ta inn, vil følgjande prioritering bli lagt til grunn for inntaket:

a) *Særskilt grunnlag*

To plasser på Vg1 vert sett av til eventuelle søknadar på særskilt grunnlag når søkjaren:

- legg ved dokumentasjon på spesialundervisning på 10. årstrinn eller
- legg ved dokumentasjon frå lege, psykolog, skulerådgjevar eller tilsvarande, på psykososiale problem som gjer at det er viktig å gå og bo på internatskole generelt eller på Kvitsund Gymnas spesielt.

Dersom skulen mottar fleire søknadar på særskilt grunnlag vert inntaket avgjort ved loddtrekning. Dei søkjarane som ikkje får plass etter denne regelen, blir overført til det ordinære inntaket. Vedtak om inntak på særskilt grunnlag gjev rett til å fullføre utdanninga ved Kvitsund Gymnas innanfor normal tid, eventuelt med tillegg av rett til utvida tid gitt av søkjaren sitt heimfylke. Søknadsfrist etter denne regelen er **1. februar**. Dersom skulen mottar færre en to søkjarar på særskilt grunnlag, vert plassane overført til det ordinære opptaket etter reglane i punkt 3b-3e

b) *Born med foreldre i aktiv teneste i utlandet for NLM*

Søkjarar som har foreldre i aktiv teneste i utlandet for NLM i det skuleåret det blir søkt for, blir prioriterte før andre søkjarar. Ein føresetnad for dette er at søkjaren har fullført og bestått på nivået under det ein søker på.

c) *Søkjarar frå Kviteseid kommune*

Søkjarar som er folkeregistrert i Kviteseid kommune per 1. mars i det skuleåret det blir søkt for, blir prioriterte før andre søkjarar. Søkjarar til vg2 må ha bestått vg1 og søkjarar til vg3 må ha bestått vg2

d) *Elevar som går eller har gått på Kvitsund Gymnas*

Ved inntak til VG2 og VG3 blir eigne elevar som søker seg vidare til påfølgjande kurs/programområde prioriterte før eksterne søkjarar. Søkjarar til vg2 må ha bestått vg1 og søkjarar til vg3 må ha bestått vg1 og vg2.

e) *Karakterar og poengutrekning (gjeld alle trinn)*

Utanom punkt 3a, 3b og 3c, blir søkjarane ved oversøking prioritert ut frå karakterpoeng frå siste aktuelle karakterdokument jf. "Dokumentasjon" (pkt. 2d) ovanfor.

4. Unntak frå prioriteringsrekkefylgja

- a) Søkjarar som sist skuleår hadde eit så stort ikkje dokumentert fråvær at det førte til bortfall av statstilskot blir tekne inn dersom det er plass på kurset (etter eksterne søkjarar)

- b) Inntil tre elevar på Vg1 får løfte om inntak på Vg3 i samband med utdanning i utlandet i vg2. Kven som får løfte blir prioritert ut i frå karakterpoeng ved 1. halvår i Vg1 etter søknad før 10. februar i Vg1, og deretter fortløpande. Løfte om inntak på Vg3 blir gitt under føresetnad av at utdanninga i utlandet kan godkjennast som Vg2 etter reglane i Forskrift til friskolelova §5a-3

Vedteke i styret for Kvitsund Gymnas AS 08.06.2016